
Fra: Atle Dingen
Sendt: 11. april 2014 13:16
Til: 'Arkiton AS'
Kopi: Benjamin Hicks; Siril Sylta; Arne Eikefet; Arne Helgesen; Rune Kilen; Christian Fuglseth; Inger Opheim Hindenes
Emne: Sikring til framtidig kommunal veg Hilland

Arne Abelsen

Teknisk drift ved Atle Dingen og Arne Helgesen var på befaring torsdag 10 april 2014 kl.13.00.

Vi har kome til fylgjande konklusjon:

Langs hus 17-21

- Det må etablerast støypekant/murkant type jersey frå parkeringsplass (veg 8), samanhengande ned forbi hus 17-21. Muren skal avsluttast ved FL 3. Høgde 50cm
- Støypekant/murkant må støypast min. 50 cm frå asfalterr veg i formålsgrensa til grøntarealet. Det er viktig at 2 m fortau samt 5 m vegbredda blir opprettholdt i tillegg til hjelpeareal.
- Det skal settast ned ei hjelpesluk som tar inn vatn langs veg og fører vatnet inn på eksisterande overvannskum som ligg ved FL 3.
- Godkjent flettverksgjerde (sikring) må ikkje monterast på mur, men innanfor støypekant/murkant langs framtidig kommunal veg.
- Søknad om dette sendast byggesak saman med endringssøknad for hus 17-21.

Mur ved Vardane 28

- Mur ved Vardane 28 (2 manns bustad) må sagast av. Teknisk drift er positiv til at ein kan oppføre ein mindre mur for å halde tilbake eksisterande masser, dersom denne flukter med altan/terrasse. Murens plassering vil vere i strid med godkjent plan og det må derfor søkast om dispensasjon til byggesak. Det er svært viktig at siktkrava til einkvar tid er fri for hindringar. Utbyggjar må sende over teikning/ dokumentasjon på at siktkrava blir oppretthaldt. Teknisk drift vil då kunne sende uttale til byggesak i samband med ev. dispensasjonssøknad frå dere. Asfalt/vegbredda må tilbakeførast til 5 m bredde på staden i samsvar med godkjent bebyggelsesplan og med tilhøyrande hjelpeareal.

Avkjørsel ved Vardane 28

- Etablert utkjørsel må fjernast/tilbakeførast som vist på plankart. Dette kan gjerast ved at arealet blir fylt med masser og kledd med jord.

Inger! Lagrar du denne e-posten på saka.

Atle Dingen

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Arne Abelsen [<mailto:Arne@arkiton.no>]

Sendt: 10. april 2014 11:10

Til: Atle Ding

Kopi: Christian Fuglseth <christian@adja.no> (christian@adja.no)

Emne: VS: Bilde, møteref. og tegninger bolig 17

Hei Atle

Vedlagt finner du bilde , referat fra møtet med byggesak og reviderte tegninger mot vei.

I henhold til referatet ønsker byggesak teknisk drift sin avklaring mot vei ved bolig 17 -21

Når denne foreligger fra dere kan vi sende inn endringssøknaden som må være godkjent før vi vi kan sende inn søknad om ferdigattest for boligene 17 - 21.

Imøteser deres snarlige tilbakemelding.



LINDÅS KOMMUNE

Mvh Atle Ding

Ass. Einingsleiar Teknisk drift, Lindås kommune

Tlf 56 37 56 85, Mob 46 80 80 34 og Fax 56 37 51 05

atle.dingen@lindas.kommune.no

P Tenk på miljøet - må du skrive ut denne e-posten?